



Sula kommune



**Vedlegg til
Budsjett 2026,
handlings- og økonomiplan
2026-2029**

Innhold

Vedlegg 1: Noter til bevilgningsoversikt drift.....	3
Vedlegg 2: Noter til bevilgningsoversikt investering.....	14
Vedlegg 3: Kommunale gebyrer – notat sjølvkost	35
Vedlegg 4: Tilrådning til budsjett 2026 frå Sula kontrollutval	46
Vedlegg 5: Sula Sokn. Økonomiplan 2026-2029	49

Vedlegg 1: Noter til bevilgningsoversikt drift

Note 1. Frie inntekter

Budsjett for rammetilskot, inntektsutjevning og skatteinntekter fordeler seg slik:

Frie inntekter	Budsett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Skatteinntekter	371 413 000	376 413 000	378 913 000	381 413 000
Inntektsutjevning	44 737 000	44 737 000	44 737 000	44 737 000
Rammetilskot	386 060 000	386 060 000	386 060 000	386 060 000
SUM	802 210 000	807 210 000	809 710 000	812 210 000

Budsjett for frie inntekter er basert på anslag gitt i statsbudsjettet for 2026.

I forbindelse med statsbudsjettet publiserer regjeringa sitt anslag for frie inntekter til kommunene. Link til anslag for frie inntekter til Sula kommune: [Frie inntekter 2026 - regjeringen.no](https://regjeringen.no).

For 2027 har vi lagt inn ei forventet styrking i frie inntekter på 5 mill samanlikna med 2026. For 2028 og 2029 har vi lagt inn ei ytterlegare styrking på 2,5 mill kvart år.

Budsjett for frie inntekter i 2026 er 38,6 mill høgare enn prognose for frie inntekter 2025. Tabellen nedanfor viser kva auka består av:

Budsjett for frie inntekter	Beløp
Prognose for frie inntekter 2025	763 594 000
Korreksjon for oppgåvekorrigeringsar i 2026	3 214 000
Lønns og prisvekst (kommunal deflator 3,5%)	26 838 280
Realvekst i frie inntekter	8 563 720
Budsjett for frie inntekter i 2026	802 210 000

Som tabellen viser så er auka i stor grad knytt til auke i utgifter. Men det er også ein realvekst på om lag 8,6 mill. Denne styrkinga kjem delvis av ei generell styrking av dei frie inntektene til kommunene, og delvis av endring i inntektssystemet som slår positivt ut for Sula kommune. Inntektssystemet blei endra i 2025, med full effekt frå 2026. Endring som slår positivt ut for Sula kommune er auke i inntektsutjevning, samt at kommunane sin andel av formuesskatt blir halvert i løpet av 2025 og 2026. Kommune får i staden ein større andel av skatteinntektene på alminnelig inntekt.

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2026 inneheld «Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2026» (Grønt hefte), som viser fordelinga av rammetilskotet og tilhøyrande innlemmingar, oppgåveføringar og korreksjonar. Budsjettopplegget for 2026 inkluderer også direkte justeringar knytt til desse endringane, i tillegg til realveksten:


Innlemmingar, oppgaveendringar og korreksjonar i rammetilskot 2026. Hena frå side 9 i "Grønt hefte", vedlegg til statsbudsjett 2026	Beløp nasjonalt	Berekna beløp for Sula
Statlege og private skular . Endringar i elevtal	-97 935 000	-210 000
Endringar i barnevernslova	89 123 000	140 000
Gevinstar ved nytt prøvegjennomføringssystem i skulen	-1 397 000	-3 000
Reduksjon av maksimal foreldrebetaling i barnehagen - heilårseffekt	1 392 092 000	2 750 000
System for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule	50 000 000	100 000
Særordning for private barnehagar vedrørande pensjon	10 000 000	20 000
Avslutning av overgangsordninga for spesialiserte fosterheimar	151 628 000	235 000
Auka behov for sosialhjelp ved utfasing av søknad til einsleg mor eller far	9 000 000	10 000
Auka basistilskot for fastlegar - heilårseffekt	244 985 000	430 000
Finansiering av praksis for studentar ved Brann- og redningsskulen	-11 444 000	-20 000
SUM	1 836 052 000	3 452 000

I Prop 1 S for budsjett 2026 frå Kommunal- og distriktsdepartementet (side 93 til side 96) kjem det fram forklaring på korrigeringane i rammetilskotet. Link til dokument: [Prop. 1 S \(2025–2026\)](#).

Det største beløpet i oversikta er det vi får i kompensasjon for redusert foreldrebetaling i barnehage. Her får Sula kommune 2.750.000kr (heilårseffekt av endring i 2025). Dette kjem i tillegg til det vi fekk i 2025 på 1,9 mill, som blir vidareført i 2026. Totalt får Sula kommune dermed 4,65 mill i kompensasjon for redusert foreldrebetaling. Vi har berekna at dette kostar oss ca 4,9 mill. Vårt estimat er derfor at vi blir underkompensert med 250.000kr på dette området. Budsjettramme til Kultur og oppvekst er tilpassa ut frå det vil vi få kompensert.

Det nest største beløpet er kompensasjon for auka basistilskot for fastlegar. Satsar for basistilskot til fastlegar auka frå 1. juli 2025. I 2025 blei kommunane kompensert med halvårseffekten av dette. I 2026 blir vi kompensert med heilårseffekt. Budsjettramme til Helse og meistring er tilpassa ut frå det vi får kompensert.

Andre innlemmingar, oppgåveendringar og korreksjonar i rammetilskot 2026 består av mindre vesentlege beløp. Det er ikkje gjort justering av budsjettrammene til kommunalområda som følge av desse endringane.



Nivået på frie inntekter i Sula kommune er lavt. I 2024 var inntektsnivået til Sula kommune (rammetilskot, skatteinntekter, kraftinntekter, havbruksinntekter og fordel ved differensiert arbeidsgivaravgift) på 90,7% av landsgjennomsnittet (Kjelde: Kommune-proposisjonen 2026).

Note 2. Eigedomsskatt

Sula kommune har i 2025 1 promille eigedomsskatt. 1 promille utgjør ca 12 mill i inntekt. I budsjett og økonomiplan foreslår kommunedirektøren å auke eigedomsskatten til 2 promille i 2026 og vidare til 3 promille i 2027. Dersom staten aukar dei frie inntektene til kommunane i same periode kan dette nivået halde for Sula kommune, men det krev at vi også framover driv tenestene svært effektivt og investerer smart.

Gjennomsnittleg eigedomsskatt for ein bustad i Sula kommune i 2025 er 3.088kr.

Tabellen under viser korleis inntekt frå eigedomsskatt har utvikla seg frå 2020 til 2025:

Kategori	Antall	Skatt 2025	Skatt 2024	Skatt 2023	Skatt 2022	Skatt 2021	Skatt 2020	Kommentar
Bustader. Formuesgrunnlag	3403	10 640 853	10 403 793	9 625 237	8 973 591	5 843 274	5 593 108	Botnfrådrag fjerna i 2022. Auke i FG
Bustader. Taksert	86	133 097	145 002	157 291	130 814	117 532	184 115	Ingen store endringer
Fritidsbustad. Taksert	132	29 469	29 593	25 995	26 519	2 625	4 770	Ingen store endringer
Naust. Taksert	316	34 520	34 520	33 350	30 953	32 306	65 937	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Tomt bustad. Taksert	659	181 428	176 840	177 345	176 792	175 734	251 017	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Næringsseigedom	144	768 175	770 387	772 799	777 446	784 445	0	Innført i 2021
Sum		11 787 542	11 560 135	10 792 017	10 116 115	6 955 916	6 098 947	

Note 3. Andre generelle inntekter

«Andre generelle inntekter» i budsjett 2026 er på 21,1 mill og består av rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på 2,6 mill og integreringstilskot flyktningar på 18,5 mill

Note 3.1. Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken

Vi har enkelte rente- og avdragskompensasjonsordningar hos Husbanken. Dette er i hovudsak knytt til skulebygg og til omsorgsbustader. Husbanken utbetaler kompensasjonen i desember. Budsjettert kompensasjon for 2026-2029 er berekna basert på resterande gjeld på ordningane samt forventa rente for perioden 2026-2029.

3.2 Integreringstilskot flyktningar

Integreringstilskotet for flyktningar blir berekna basert på antal flyktningar som er busett i 2022-2025 (og som fortsatt bur i Sula kommune) og forventning om mottak av flyktningar i 2026-2029. Antal flyktningar blir multiplisert med tilskotssats per flyktning. Satsane gjeldande for 2025 er vist i tabellen under:

Tilskotssatsar	Beløp
Busettingsår 5	74 800
Busettingsår 4	91 400
Busettingsår 3	184 300
Busettingsår 2	259 200
Busettingsår 1 (barn)	202 000
Busettingsår 1 (voksen)	202 000
Busettingsår 1 (enslig voksen)	250 000
Eingongstilskot barn, 0-5 år	28 900
Eingongstilskot eldre , over 60 år	187 600

Kommunestyret har ikkje gjort vedtak om mottak av flyktningar i 2026 enda. I budsjett- og økonomiplan 2026-2029 har vi lagt til grunn mottak av 15 flyktningar kvart år. Integreringstilskotet blir redusert kvart år i økonomiplanperioden. Dette er pga at effekten på integreringstilskotet av dei store flyktningmottaka i 2022-2024 blir gradvis mindre.

Integreringstilskotet for flyktninger blir budsjettert «sentralt». Dette er fordi integreringstilskotet er ein del av dei «generelle» inntektene til ei kommune, på linje med f.eks rammetilskot og skatteinntekter. Integreringstilskotet er ikkje øremerka midlar.

Note 4. Sum bevilgninger

«Sum bevilgninger drift, netto» er 777.304.407kr. Det som ligg her er sum av bevilgningar på kommunalområda. Beløpet er spesifisert til slutt i bevilgningsoversikten.

Note 5. Avskrivninger / Avdrag

Avskrivninger påverker ikkje det kommunale driftsrekneskapet direkte. Avskrivningar og «Motpost avskrivningar» blir ført med same beløp, men med motsatt forteikn. Avskrivningane påverker derimot driftsrekneskapet indirekte ved at det påverker berekning av avdrag som kommunen skal betale. I budsjettet har vi lagt til grunn at vi skal betale minimumsavdrag. Det blir berekna slik:

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

Note 6. Renteinntekter

Budsjetterte renteinntekter på 6 mill i 2026 består av budsjetterte renteinntekter på pengar i bank, samt renteinntekter fra startlån (utlån). I budsjettering av renteinntekt har vi tatt utgangspunkt i forventa rentenivå i økonomiplanperioden.

Note 7. Gevinst på finansielle omløpsmidler

I budsjettering av avkastning på fondsplasseringar har vi lagt til grunn ei avkastning på 6% av grunnlag. Vi har tatt utgangspunkt i prognose for avkastning på langsiktige plasseringar i 2025 og forutsatt ca same avkastning i 2026. Pr 01.10.25 er marknadsv Verdi på langsiktige fondsplasseringar på 114 mill. For budsjett 2026 har vi brukt 100 mill. som grunnlag (det blir kanskje behov får å selje noko pga. likviditetsmessig situasjon). Budsjettert avkastning for 2026 blir da 100 mill. * 6% = 6 mill.

Note 8. Renteutgifter

Budsjettert renteutgift i 2026 er på ca 54 mill. Denne består av renteutgift på eksisterande lån og renteutgift på nye låneopptak. Renteutgift på eksisterande lån er berekna ved å multiplisere gjeldsportefølja med forventa rente. I berekning av forventa rente har vi tatt utgangspunkt i Norges bank sin forventa renteutvikling publisert i pengepolitisk rapport nr. 3/2025 (18. september). I denne rapporten framgår både forventa styringsrente og forventa 3 månaders pengemarkedsrente (3 mnd. NIBOR) for perioden 2025-2028. Vi har tatt utgangspunkt i 3 mnd. NIBOR + margin. Vi benytter dei same marginane som vi har gjort dei siste åra. På korte lån i verdipapirmarkedet (sertifikatlån med forfall under 12 månader) bruker vi 3 mnd. NIBOR + 0,25%. På langsiktige lån i verdipapirmarkedet bruker vi 3 mnd. NIBOR +0,5%, og på lån i Husbanken bruker vi 3 mnd NIBOR +0,2%. Dette gir følgende budsjettrente:

Budsjettrente	2026	2027	2028	2029
3 mnd NIBOR	3,99 %	3,58 %	3,41 %	3,41 %
Budsjettrente korte lån i VPM	4,24 %	3,83 %	3,66 %	3,66 %
Budsjettrente lange lån i VPM	4,49 %	4,08 %	3,91 %	3,91 %
Budsjettrente Husbanken	4,19 %	3,78 %	3,61 %	3,61 %

Vi har forskjellige lån i vår gjeldsportefølje. Vi bruker forskjellig budsjettrente på forskjellig type lån:

- Fastrentelån: Her bruker vi den renta som er fastsett i låneavtalen. Dersom eit fastrentelån har forfall i økonomiplanperioden bruker vi renta for lange lån i verdipapirmarkedet som estimat på rente etter at fastrenteavtalen har utløpt.
- Sertifikatlån (kortsiktige lån som blir «rullert»): Her bruker vi rente for kortsiktige lån i verdipapirmarkedet
- FRN-lån (FRN = floating-rate note): Dette er ein type lån der renta blir satt basert på 3 mnd. NIBOR + ein fastsett margin i låneavtalen. Dersom eit slikt lån har forfall i økonomiplanperioden bruker vi rente for lange lån i verdipapirmarkedet som estimat på ny rente etter at låneavtalen har utløpt.
- Lån i Husbanken: Her bruker vi budsjettrente for Husbanken

For å berekne effekten av lån til nye investeringar har vi brukt rente for korte lån i verdipapirmarkedet.

Gjennomsnittleg rente på låneportefølja til Sula kommune ligg lågare enn budsjettrentene i tabellen over. Dette er fordi deler av låneportefølja består av fastrentelån med lågare rente enn dagens rentenivå. Vi forventar at gjennomsnittleg rente på låneportefølja for 2026 blir på 3,54%.

Dersom 3 mnd NIBOR blir 1% høgare i 2025 enn det vi har lagt til grunn i budsjett, vil forventa gjennomsnittlig rente for 2026 auke frå 3,54% til 4,03%. Samla renteutgift vil auke med ca 7,4 mill

Note 9. Avsetning til og bruk av bundne fond

Dette er knytt til sjølvkostområdet. Over- eller underskot blir ført mot bundet fond.

Note 10. Avsetning til og bruk av disposisjonsfond / Netto driftsresultat

I 2026 er det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på 22,3 mill. I 2027-2029 er det budsjettert med avsetning til fond (overskot). Tabellen nedanfor oppsummerer tala og viser forskjell mellom bruk/avsetning til disposisjonsfond og netto driftsresultat.

NETTO DRIFTSRESULTAT	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029	SUM
Bruk (-)/ Avsetning til disposisjonsfond (+) i øk.planperioden	-22 308 765	3 153 830	9 780 600	9 507 220	132 886
Avsetning til fond på VAR-området	816 892	0	0	0	816 892
NETTO DRIFTSRESULTAT	-21 491 873	3 153 830	9 780 600	9 507 220	949 778

Tabellen under viser hovudelementa i budsjett 2026 samanlikna med prognose for 2025:

Disposisjonsfond	Beløp
Estimat bruk av disposisjonsfond 2025 (prognose pr 15.10.2025)	36 000 000
Forventa styrking av frie inntekter i 2026 samanlikna med prognose for 2025	-8 600 000
Forslag om å auke eigedomsskatt frå 1 til 2 promille i 2026	-12 000 000
Budsjettert heilårseffekt av iverksatte innsparingstiltak i Helse og mestring i 2025	-3 600 000
Nye innsparingstiltak i budsjett 2026	-21 200 000
Budsjettert avkastning frå fond i 2026 er 4 mill lavere enn prognose for 2025	4 000 000
Reduksjon i bud. integreringstilskot flyktning i 2026 samanlikna med 2025	3 200 000
Auke i utgiftsbehov i Bu- og aktivitetstenesta	7 000 000
Reduksjon i budsjettert refusjon for ressurskrevjande brukarar	7 500 000
Andre endringar (pensjon, renter, avdrag, driftstilak i budsjett osv)	10 000 000
Estimert bruk av disposisjonsfond 2026 (underskot)	22 300 000
Estimat saldo på disposisjonsfond ved utgangen av 2026	23 900 000

I økonomiplanen er det budsjettert med overskot (avsetning til disposisjonsfond) frå og med 2027. Tabellen under viser hovudelementa for 2027 samanlikna med budsjett 2026:

Disposisjonsfond	Beløp
Estimat bruk av disposisjonsfond 2026	22 300 000
Forventa styrking av frie inntekter i 2027 samanlikna med budsjett 2026	-5 000 000
Forslag om å auke eigedomsskatt frå 2 til 3 promille i 2027	-12 000 000
Nye innsparingstiltak i budsjett 2027	-7 000 000
Andre endringar	-1 500 000
Budsjettert avsetning til disposisjonsfond 2027 (overskot)	-3 200 000
Estimat saldo på disposisjonsfond ved utgangen av 2027	27 100 000

Note 11. Budsjettramme Organisasjon og utvikling

Budsjettramme for Organisasjon og utvikling i 2025 er 63.616.511kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026. Tabellen nedanfor spesifiserer endring frå budsjettramme 2025 til budsjettramme 2026 (og 2027-2029):

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
ORG. OG UTVIKLING, RAMME FØR NYE TILTAK / ENDRINGAR	63 616 511	63 616 511	63 616 511	63 616 511
Omstilling av drift / innsparingskrav	-3 649 400	-4 091 400	-4 091 400	-4 091 400
Digitalisering av virksomhetsstyringsystem (Framsikt)	583 000	801 000	663 000	663 000
Velferdsteknologisk utstyr	900 000	900 000	900 000	900 000
Sula Sokn. Service av orgelet i Langevåg kyrkje	0	0	0	750 000
ORG. OG UTVIKLING, RAMME ETTER NYE TILTAK / ENDRINGAR	61 450 111	61 226 111	61 088 111	61 838 111

Kommentar til endring frå 2025 til 2026:

- Omstilling / innsparing: Beløp blir spesifisert i kapittel 7 i budsjettdokument
- Digitalisering av virksomhetsstyringssystem: Vi planlegger innføring av systemet Framsikt frå 2026. Framsikt er ei skybasert løysing for heilhetlig virksomhetsstyring. I 2026 planlegger vi å starte med modul for budsjett- og økonomiplan. I 2026/2027 planlegger vi deretter å ta i bruk modul for kommunale planer, rapportering og politikermodul.

- Velferdsteknologisk utstyr: Dette gjeld utgifter for digitalt tilsyn (matter) i heimetenesta og på Sulatuett. Vi har hatt ei pilotfase med bruk av Vardamatter, og ser stor nytteverdi av dette. Beløpet på 900.000kr pr år gjeld lisens for 100 matter.

Note 12. Budsjettramme Kultur og oppvekst

Budsjettramme for Kultur og oppvekst i 2025 er 359.406.342kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026. Tabellen nedanfor spesifiserer endring frå budsjettramme 2025 til budsjettramme 2026 (og 2027-2029):

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
KULTUR OG OPPVEKST, RAMME FØR NYE TILTAK / ENDRINGAR	359 406 342	359 406 342	359 406 342	359 406 342
Omstilling av drift / innsparingskrav	-7 940 000	-8 940 000	-8 940 000	-8 940 000
Budsjett for ungdomsrådet flytta til område Politisk	-52 070	-52 070	-52 070	-52 070
Auke utgifter elever i privatskular og i fosterheimar i andre kommuner	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
Auke kommunale barnehagar. Endra barnetal og redusert sats foreldrebet.	3 356 509	3 356 509	3 356 509	3 356 509
Endring i driftstilskot private barnehagar	2 940 192	2 940 192	2 940 192	2 940 192
KULTUR OG OPPVEKST, RAMME ETTER NYE TILTAK / ENDRINGAR	361 210 973	360 210 973	360 210 973	360 210 973

Kommentar til endring frå 2025 til 2026:

- Omstilling / innsparing: Beløp blir spesifisert i kapittel 7 i budsjettdokument
- Auke i utgifter til elevar i privatskular og foserheimar i andre kommuner: Utgiftsauka har allereie kom i 2025. Beløpet er ei tilpasning basert på dei faktiske forhold.
- Justering av budsjettramme for kommunale og private barnehagar er i hovudsak knytt til redusert foreldrebetaling som følge av at makspris for barnehagane blei redusert frå 2.000kr pr måned til 1.200kr pr måned frå august 2025. For Sula kommune utgjør dette ca 4,9 mill totalt for kommunale og private barnehagar (fører til auke i driftstilskot). Vi får kompensasjon på ca 4,65 mill ved auke i rammetilskot. Vi blir altså ikkje fullt ut kompensert for kva dette faktisk koster oss.

Note 13. Budsjettramme Helse og mestring

Budsjettramme for Helse og mestring i 2025 er 314.178.000kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026. Tabellen nedanfor spesifiserer endring frå budsjettramme 2025 til budsjettramme 2026 (og 2027-2029):

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
HELSE OG MESTRING , RAMME FØR NYE TILTAK / ENDRINGAR	314 178 000	314 178 000	314 178 000	314 178 000
Omstilling av drift / innsparingskrav	-7 364 191	-8 214 191	-8 214 191	-8 214 191
Beløp tilført i 2025. Auke for manglende heilårseffekt av innsparing	-3 600 000	-3 600 000	-3 600 000	-3 600 000
Innsparing NAV, integreringstenesta	0	0	-1 500 000	-1 500 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar. Effekt pensjon	3 200 000	2 000 000	800 000	800 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar. Endring bruker	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000
Ake som følge av auke i sats for basistilskot fastlege	836 000	836 000	836 000	836 000
Auke i behov i Bu- og aktivitetstenesta	7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000
HELSE OG MESTRING , RAMME ETTER NYE TILTAK / ENDRINGAR	318 549 809	316 499 809	313 799 809	313 799 809

Kommentar til endring frå 2025 til 2026:

- Omstilling / innsparing: Beløp blir spesifisert i kapittel 7 i budsjettdokument

- Reduksjon i budsjettramme på 3,6 mill: I 2025 hadde Helse og mestring eit innsparringskrav på 12 mill. Plan for innsparing for 2025 viste at ein ikkje fekk full effekt av innsparingstiltaka før i 2026. Budsjettramma for Helse og mestring blei derfor auka med 3,6 mill i 2025. Beløpet er tatt ut av budsjettramma for 2026.
- Endring i refusjon ressurskrevjande brukarar. Dette er ei budsjettauke knytt til reduksjon i budsjettert refusjon. Deler av reduksjonen kjem som følge av redusert pensjonspåslag og deler kjem av bortfall av refusjonsgrunnlag for brukar sjølv om behovet for teneste er det same som tidlegare. Grunnen til at pensjonspåslag blir redusert er økt bruk av premiefond for pensjon.
- Auke i basistilskot fastlege: Satsane for basistilskot auka 01.07.25. I 2026 er det estimert at Sula kommune får 836.000kr i auka rammetilskot for å kompensere for auke i utgifter. Tilsvarende beløp blir brukt til å auke budsjettramma til Helse og mestring.
- Auke i behov i Bu- og aktivitetstenesta: Dette er knytt til auke i i tenestebehov. Dette gjeld blant anna auke i BPA tilkak (Brukerstyrt Personleg Assistanse), og nye ressurskrevjande brukarar.

Note 14. Budsjettramme Samfunn (eksl. VAR, Vatn, Avløp, Renovasjon)

Budsjettramme for Samfunn i 2025 er 38.652.440kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026. Tabellen nedanfor spesifiserer endring frå budsjettramme 2025 til budsjettramme 2026 (og 2027-2029):

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
SAMFUNN, RAMME FØR TILTAK / ENDRINGAR	38 053 713	38 053 713	38 053 713	38 053 713
Omstilling av drift / innsparringskrav	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Resusert ramme knytt til "eingangstiltak " i 2025. Reg.plan Solevågen	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Resusert ramme knytt til "eingangstiltak " i 2025. Overvatn Rystene	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Styrking av budsjett til veg. Vedlikehald og temaplan for veg	700 000	700 000	700 000	700 000
Digitalisering byggesaksarkiv	600 000			
Arealplan	1 500 000	1 000 000	0	0
Vågevatnet. Oppfølging av igangsatt tiltak	50 000	50 000	50 000	50 000
SAMFUNN, RAMME ETTER TILTAK / ENDRINGAR	38 153 713	37 053 713	36 053 713	36 053 713

Kommentar til endring frå 2025 til 2026:

- Omstilling / innsparing: Beløp blir spesifisert i kapittel 7 i budsjettdokument
- Reduksjon i «eingangstiltak»: Dette er tiltak som ligg i budsjett for 2025, men som ikkje videreførast til 2026
- Styrking av vegbudsjett: Vegbudsjettet er lavt. Styrkinga er vurdert som nødvendig for å oppretthalde normal drift. Styrking vil også bli brukt i 2026 til ferdigstilling av temaplan for veg.
- Det er satt av midler til arbeid med digitalisering av byggesaksarkiv i 2026, og arbeid med arealplan i 2026 og 2027.

Note 15. Budsjettramme VAR (VAR, Vatn, Avløp, Renovasjon)

Budsjettramma for VAR viser eit negativt beløp på 32.292.629kr. Det betyr at inntektene som vert budsjettert på dette området er større enn utgiftene. Dette er fordi inntektene også skal dekke enkelte utgifter som vert bokført på andre områder. Tabellen nedanfor viser eit forenkla sjølvkostbudsjett:

Vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam, forureining	2026
Lønn og andre driftsutgifter (budsjettert på VAR-området)	46 085 531
Rente- og avdragsutgifter (budsjettert "sentralt")	30 487 108
Indirekte utgifter (budsjettert på andre områder)	988 629
Gebyrinntekter (budsjettert på VAR-området)	-78 378 160
Avsetning til bundet fond	816 892
Budsjett VAR etter fondsavsetning	0
SUM budsjettert på VAR-området	-32 292 629

Forklaring av tabell:

- Resultat på VAR-området skal gå i null. Det betyr at gebyrinntektene skal dekke kostnadene. Dersom 2026 går med overskot skal overskotet settast av på bundet fond til bruk seinare år. Dersom 2026 går med underskot så bokføres underskotet som framførbart underskot til inndekning i seinare år. For 2026 er det budsjettert med eit overskot på 0,8 mill. Som tabellen viser så er resultatet null etter avsetning til fond.
- Linjene som er merka med gult er budsjettposter som blir ført på VAR-området. Sum av dei gule linjene er **-32.292.629kr**. Det er dette beløpet som står på VAR-linja i budsjettet. Disse budsjettpostane er:
 - Lønn og andre driftsutgifter: Dette inkluderer blant anna lønn til tilsette, kjøp utstyr og materialar, kjøp av tenester til vedlikehald, kjøp av tenester frå Attvin, kjøp frå Ålesund kommune osv.
 - Gebyrinntekter
- Linjene utan farge er budsjetterte utgifter som er ført andre stader enn på VAR-området. Dette er likevel utgifter som gebyrinntektene skal dekke. Dette gjeld:
 - Rente- og avdragsutgifter knytt til investeringar på VAR-området. Rente- og avdragsutgifter blir bokført «sentralt», saman med rente- og avdragsutgifter knytt til investeringar frå anna kommunal verksemd.
 - Indirekte utgifter: Dette gjeld blant anna VAR sin andel av utgifter til revisjon, andel av utgifter til fakturering og innfordring, andel av utgifter knytt til regnskapsføring og lønnskjøring, andel av tidsbruk til leiging/kommunalsjef osv.

Note 16. Budsjettramme Politisk styring

Budsjettramme for Politisk styring i 2025 er 6.490.817kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026. Tabellen nedanfor spesifiserer endring frå budsjettramme 2025 til budsjettramme 2026 (og 2027-2029):

	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN				
POLITISK STYRING, RAMME FØR TILTAK / ENDRINGAR	6 490 817	6 490 817	6 490 817	6 490 817
Omstilling av drift / innsparingskrav	-115 632	-115 632	-115 632	-115 632
Endring knytt til budsjettramme for valg	-530 000		-530 000	
Budsjett for ungdomsrådet flytta frå Kultur og oppvekst	52 070	52 070	52 070	52 070
POLITISK STYRING, RAMME ETTER TILTAK / ENDRINGAR	5 897 255	6 427 255	5 897 255	6 427 255

Kommentar til endring frå 2025 til 2026:

- Fjerne kjøp av juridisk tenester ved habilitetsvurderingar.
- Tilpassing utgifter til rådsorgana.
- Reduksjon i annonsering, møteservering og midlar til formannskapet sin disposisjon.

Note 17. Avsetning for lønns- og prisvekst

Sentral avsetning for lønns- og prisvekst er på 28,7 mill og er berekna slik:

- Budsjetterte lønspostar er auka med forventa årslønnsvekst i kommunal sektor i 2026 på 4,0%
- Budsjetterte utgifter til varer og tenester er auka med forventa vekst for varer og tenester i kommunal sektor i 2026 på 2,8%
- Enkelte postar, som f.eks driftstilskot til Sula Sokn, blir regulert med forventa kommunal deflator på 3,5%.
- Gebyrinntekter, husleigeinntekter osv. er auka med 3,3% (iht. forslag til gebyrregulativ. 3,3% er endring i KPI frå juli 2024 til juli 2025).
- Det er ein del unntak frå «hovudreglane» ovanfor. F.eks. så blir gebyrinntekter frå sjølvkostområdet (VAR) berekna særskilt, og foreldrebetaling i barnehage følger nasjonal maksimumssats.

Note 18. Pensjon

Pensjonskostnaden blir berekna basert på ein rekke økonomiske, demografiske og statistiske forutsetningar. Sula kommune har pensjonsordning i KLP og SPK. Aktuarane i desse selskapa bistår med å berekne pensjonskostnaden. Det er andre forutsetningar som blir lagt til grunn for berekning av pensjonskostnad enn for berekning av pensjonspremien vi skal innbetale.

Pensjonspremien kan svinge mykje frå år til år, mens pensjonskostnaden er meir stabil. Forskjellen mellom pensjonskostnad og innbetalt premie blir kalla premieavvik. Premieavviket skal fordelast (amortiserast) over 7 år i regnskapet.

Tabellen under viser budsjetter pensjonskostnad i 2025, prognose for 2025, og budsjett og økonomiplan for 2026-2029.

Pensjonsutgift. Sum av KLP og SPK	Budsjett 2025	Prognose 2025	Budsjett 2026	Øk. Plan 2027	Øk. Plan 2028	Øk. Plan 2029
Netto pensjonskostnad	49 719 822	54 717 436	61 396 344	62 250 908	62 568 504	63 075 815
Innbetalt pensjonspremie	88 202 033	68 647 588	55 120 569	69 252 150	73 283 302	77 951 195
Estimat 2% betalt av arbeidstakar	-9 600 000	-9 400 000	-9 800 000	-9 800 000	-9 800 000	-9 800 000
Sum pensjonspremie	78 602 033	59 247 588	45 320 569	59 452 150	63 483 302	68 151 195
Premieavvik	-38 482 211	-13 912 128	6 275 775	-7 001 242	-10 714 798	-14 875 380
Amortisering premieavvik	25 278 546	25 599 378	26 154 885	22 505 507	21 424 187	18 694 835
SUM budsjettert pensjonsutgift	65 398 368	70 934 838	77 751 229	74 956 415	74 192 691	71 970 650
AGA av pensjon	9 221 170	10 001 812	10 962 923	10 568 854	10 461 169	10 147 862
SUM pensjon inkludert AGA	74 619 538	80 936 650	88 714 152	85 525 269	84 653 860	82 118 512

Endring frå budsjett 2025 til prognose 2025: Budsjettert pensjonskostnad for 2025 er på 65,4 mill medan prognose for 2025 er 70,9 mill. Prognosen er altså 5,5 mill høgare enn budsjettert (6,3 mill inkl AGA). Denne auka er i hovudsak knytt til ny offentlig AFP-ordning. I statsbudsjettet for 2025 blei det lagt til grunn at regnskapsmessig effekt av ordninga ikkje skulle innregnast i regnskapet før i 2026. I revidert nasjonalbudsjett 2025 blei det derimot vedtatt at endringane skulle innreknast allereie frå 2025. Dette er hovudårsaken til at pensjonskostnadane i 2025 blir høgare enn budsjettert. I 2025 blei rammetilskotet til Sula kommune auka med 6,7 mill knytt til auke i pensjonsutgifter.

Endring frå prognose 2025 til budsjett 2026: Budsjettert pensjonskostnad for 2026 er 6,8 mill høgare enn prognose for 2025. Dette er ei auke på 9,6%. Det er mange faktorar og forutsetningar som påverker budsjettert pensjonskostnad. To faktorar som er med på å forklare auka frå 2025 til 2026 er:

- Forventa lønnsvekst på 4%

- Endring i beregningsforutsetningar (ref kommunal- og distriktsdepartementet sitt rundskriv for beregning av pensjonskostnadane for regnskapsåret 2026): Forholdstallet mellom diskonteringsrenta og lønnsvekst er redusert frå 1,0 til 0,88. Dette fører til høgare pensjonskostand i året denne endringa blir innført.

I berekning av rammetilskot for 2026 blir det lagt til grunn at det ikkje er auke i pensjonskostandane ut over auke i lønnsvekst på 4%. Pensjonskostnadane til Sula kommune aukar meir enn dette. To forhold som kan forklare dette er:

- Premiefond for pensjon: I 2025 fekk vi tilført 47,5 mill i vårt premiefond for pensjon (avkastning av midler på premiefond, og andel av avkastning i KLP). I 2025 er planlagt bruk av premiefond 35 mill. I Kommunal- og kunnskapsdepartementet sitt rundskriv om pensjonskostnader i 2026 framgår det at det blir lagt til grunn at kommunene brukte alt av tilført premiefond for pensjon i 2025. Dersom vi hadde gjort det hadde pensjonsutgiftene i 2026 vore 1,8 mill lavere.
- Utgiftsføring (amortisering) av premieavvik frå 2018: Premieavvik frå 2018 blir utgiftsført i perioden 2019 til 2025. Utgiftsføring av dette premieavviket fell altså bort frå 2026. Gjennomsnittlig premieavvik på landsbasis var større i 2018 enn det var i Sula kommune. Det betyr at ei gjennomsnittlig kommune har ein større amortiseringskostnad i 2025, frå premieavvik i 2018, enn det Sula kommune har. Amortiseringskotsnaden frå 2018 fell bort i 2026. Dette betyr at ei gjennomsnittskommune får ein mindre kostnadsauke frå 2025 til 2026 enn det Sula kommune får.

Budsjettert pensjonskostand i 2027-2029 er lavere enn i 2026. Dette skuldast økt bruk av premiefond for pensjon. I 2024 brukte vi 7 mill av premiefond til å dekke pensjonspremien, i 2025 og i 2026 er planen å bruke 35 mill kr per år, og deretter 28 mill i 2027 og 21 mill per år i 2028 og 2029.

Bruk av premiefond for pensjon reduserer altså framtidig pensjonskostnad. Det får derimot negativ effekt på refusjon ressurskrevjande brukerar. Det er fordi pensjonspåslaget i denne berekninga blir redusert.

Tabellen nedanfor viser ei simulering av resultateffekt på bruk av premiefond for pensjon:

Bruk av premieond for pensjon	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Bruk av premieond for pensjon	7 000 000	35 000 000	35 000 000	28 000 000	21 000 000	21 000 000
Resultateffekt av bruk premiefond for pensjon	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Resultateffek refusjon ressurskrevjande brukerar	-1 200 000	-6 000 000	-6 000 000	-4 800 000	-3 600 000	-3 600 000
Resultateffekt reduserte pensjonsutgifter		1 000 000	6 000 000	11 000 000	15 000 000	18 000 000
Resultateffekt. Redusert AGA av redusert pensjonsutgift		141 000	846 000	1 551 000	2 115 000	2 538 000
SUM resultateffekt	-1 200 000	-4 859 000	846 000	7 751 000	13 515 000	16 938 000
Effekt VAR-området (Vatn, Avløp, Renovasjon) ***	-100 000	-500 000	-500 000	-400 000	-300 000	-300 000
SUM effekt på bruk/avsetning til disposisjonsfond	-1 300 000	-5 359 000	346 000	7 351 000	13 215 000	16 638 000
Estimat verdi av premiefond (forutsatt 5% årleg avkastn.)	83 700 000	96 100 000	65 905 000	41 200 250	22 260 263	2 373 276

Det er ikkje direkte samanheng mellom «SUM resultateffekt» i tabellen over og budsjettert nedgang i pensjonsutgifter i åra framover. Dette er fordi det også er mange andre faktorar som har betydning for berekning av pensjonskostad.

Vedlegg 2: Noter til bevilgningsoversikt investering

Note 1. Investering i varige driftsmidler

I 2026 er det budsjettert med 320.950.000kr i investering i varige driftsmidler. I tabell under bevilgningsoversikten er beløpet spesifisert per investeringsprosjekt.

Investeringane blir finansiert med bruk av lån, MVA-kompensasjon, tilskot (Husbanktilskot på enkelte prosjekt) og salg av varige driftsmidler

Note 2. Investering i aksjer og andeler

Budsjettert beløp på 2,3 mill gjeld egenkapitaltilskot i KLP. Beløpet blir finansiert med bruk av ubundet investeringsfond.

Note 3. Startlån

Det er budsjettert med årleg utlån på 25 mill. Utlån blir finansiert med bruk av lån (låneopptak i Husbanken). Mottatte avdrag på utlån blir brukt til nedbetaling av lån i Husbanken.

Note 4. Investeringsprosjekt i økonomiplan 2026-2029

Oversikten nedanfor viser dei planlagde investeringane i perioden 2026-2029. Oversikten viser både budsjettert investeringsutgift, samt budsjettert rente- og avdragsutgift knytt til investeringa.

Note	Ordinære investeringar	INVESTERINGSUTGIFT					RENTE OG AVDRAGSUTGIFT			
		2026	2027	2028	2029	SUM	2026	2027	2028	2029
4.1.1	IKT- investeringar årleg rammeløyving (2026 pasientvarslingsystem)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000	16 960	205 960	387 344	564 912
4.1.2	Kyrkja-investeringar årlege rammeløyving	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000	10 600	45 392	78 473	112 220
4.1.3	Kommunale bygg- investeringar årleg rammeløyving	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000	33 920	171 920	303 472	436 176
4.1.4	Kommunal bilpark- årleg ramneløyving	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000	42 400	314 900	575 680	834 240
Sum 4.1	Årlege investeringstiltak omtalt i strategi i LDIS	5 500 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000	22 000 000	103 880	738 172	1 344 969	1 947 548
4.2.1	Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	6 000 000	4 000 000	0	0	10 000 000	101 760	365 120	488 408	481 088
4.2.2	Bru Bakkenesvegen	2 100 000	0	0	0	2 100 000	35 616	106 344	101 951	100 414
4.2.2	Bru Svingen (Mauseidvåg)	520 000	0	0	0	520 000	8 819	26 333	25 245	24 864
4.2.2	Bru Pebakken	1 650 000	0	0	0	1 650 000	27 984	83 556	80 104	78 896
4.2.3	Overføringa av gatelys til fylkeskommune (etablere ny skap med straumforsyning (tennskap, og kabling m.m)	2 000 000	0	0	0	2 000 000	33 920	221 280	212 704	206 848
4.2.4	Trafikktryggingstiltak, små prosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000	16 960	65 960	112 468	160 284
Sum 4.2	Veg, trafikktrygging og pålegg om utbetring	13 270 000	5 000 000	1 000 000	1 000 000	20 270 000	225 059	868 593	1 020 880	1 052 394
4.3.1	Tenestesenter (helsehus) Forstudie til behandling vår-2026)	1 000 000	6 000 000	80 000 000	120 000 000	207 000 000	16 960	138 560	1 487 574	5 691 475
4.3.2	Vurdering av barnehagekapasitet og ev bygging av kommunal barnehage (forprosjekt)	0	500 000	0	0	500 000	0	7 660	22 640	22 347
4.3.3	Leilighetsbygg: Vasset Borettslag (Hovudprosjekt)	40 000 000	20 000 000	0	0	60 000 000	0	0	0	0
4.3.4	Barne og avlastningsbustad (Hovudprosjekt)	32 030 000	0	0	0	32 030 000	169 759	466 837	447 363	441 502
4.3.5	Småhus (Hovudprosjekt)	8 100 000	0	0	0	8 100 000	0	0	0	0
4.3.6	Bukonsept i samarbeid med private (Nausthaugen)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
4.3.7	Bukonsept i samarbeid med private- neste steg (forstudie)	0	500 000	0	0	500 000	0	7 660	22 640	22 347
4.3.8	Bustader til pers. med nedsatt funk. evne trinn 3 og 4 (forstudie)	500 000	0	0	0	500 000	8 480	23 320	22 347	22 054
Sum 4.3	Langsiktig investeringstiltak jf strategi i LDIS	81 630 000	27 000 000	80 000 000	120 000 000	308 630 000	195 199	644 037	2 002 565	6 199 726
4.4.1	Meiråpent bibliotek- teknisk løysing for sjølvbetjent bibliotek	300 000	0	0	0	300 000	5 088	33 192	31 906	31 027
4.4.2	Elås- elektronsike låsar i bustadar for å redusere tidsbruk til nøkkelhandtering	250 000	0	0	0	250 000	4 240	27 660	26 588	25 856
4.4.3	Utviding Langevåg kyrkjegård	1 000 000	0	0	0	1 000 000	21 200	63 300	60 685	59 770
Sum 4.4	Andre investeringstiltak	1 550 000	0	0	0	1 550 000	30 528	124 152	119 179	116 653
	SUM ordinære investeringar	101 950 000	37 500 000	86 500 000	126 500 000	352 450 000	554 666	2 374 954	4 487 593	9 316 321

Note	VAR (sjølvkost)	INVESTERINGSUTGIFT					RENTE OG AVDRAGSUTGIFT			
		2026	2027	2028	2029	SUM	2026	2027	2028	2029
4.5.1	Salen Pumpestasjon	0	0	0	3 700 000	3 700 000	0	0	0	67 710
4.5.2	Rammeløyving vatn	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	16 000 000	84 800	296 467	496 893	705 080
4.5.2	Rammeløyving avløp	15 000 000	16 000 000	10 000 000	10 000 000	51 000 000	318 000	1 130 900	1 825 117	2 338 873
4.5.3	Avløpsrenseanlegg	200 000 000	130 000 000	29 000 000	0	359 000 000	4 240 000	13 899 500	18 658 950	19 506 938
	SUM VAR investeringar	219 000 000	150 000 000	43 000 000	17 700 000	429 700 000	4 642 800	15 326 867	20 980 960	22 618 601
	SUM ordinære investeringar og VAR investeringar	320 950 000	187 500 000	129 500 000	144 200 000	782 150 000	5 197 466	17 701 820	25 468 553	31 934 922

Investeringsbeløpet på ordinære investeringar er oppgitt inklusive mva. Der anna ikkje er omtalt refunderes mva og restbeløpet som utgjør 80% finansieres ved bruk av lån / låneopptak. Investeringsbeløpet på VAR investeringar er oppgitt ekslusiv mva.

Note 4.1.1

Årlege investeringstiltak – IKT investeringar; Felles

Viser til:

Viser til Langsiktig drifts- og investeringsstrategi

Samfunnsmål:

Samfunnsmål 2 - Sula har inkluderande og aldersvennlege lokalsamfunn

Finansiering:

Investeringsbeløpet er oppgitt inklusive mva. Mva refunderes og restbeløpet som utgjør 80% finansieres i form av låneopptak, eventuelt ved bruk av investeringsfond.

Årlige renter og avdrag blir belasta driftsbudsjettet som synleggjort i tabellen under.

IKT. Felles IKT investeringar	2026	2027	2028	2029	SUM
0.1. Investeringsbudsjett	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4 000 000
0.8. Refusjon merverdiavgift	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
0.8. Finansiering ved bruk av lån	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	-3 200 000
Sum	-	-	-	-	-
Rente- og avdragsutgift	16 960	205 960	387 344	564 912	1 175 176

Beskrivelse av tiltaket:

Pasientvarslingssystema på Sula er ved eit vegskille, vi må enten oppgradere eksisterande system eller skifte ut pasientvarslingsanlegget med eit nytt system. Vi har planlagt å gjennomføre dette skiftet gjennom IKT investeringar.

Effekt:

Sula kommune har i saman med Ålesund kommune lagt opp til anskaffing av nytt pasientvarslingsanlegg. Dette vil være ei teknisk betre løysning med lavere driftskostnader. Det vil også være ei tryggare og meir brukarvennlig løysning for tilsette og brukere.

Note 4.1.2**Årlege investeringstiltak – Kyrkje. Rammeløyving investeringar****Viser til:**

Viser til Langsiktig drifts- og investeringsstrategi

Det vises til Sula sokn sin Økonomiplan 2026 – 2029 som følger som eige vedlegg til Sula kommune sitt budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029.

Finansiering:

Investeringsbeløpet overførast i sin heilheit til Sula Sogn og mva kjem ikkje til fråtrekk.

Årlige renter og avdrag blir belasta driftsbudsjettet som synleggjort i tabellen under.

Kyrkje. Rammeløyving investeringar	2026	2027	2028	2029	SUM
0.1. Investeringsbudsjett	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
Rente- og avdragsutgift	10 600	45 392	78 473	112 220	246 685

Beskrivelse av tiltaket:

Tiltak investering løyvd ramme		2026	2027	2028	2029
i3012	Energi-effektivisering Langevåg kyrkje	500'			
i3013	Energi-effektivisering Indre Sula kyrkje		500'		
i3015	Asfaltering Indre Sula kyrkje			300'	
i3016	Opparbeiding uteområde ved Indre Sula kyrkje			100'	200'
i3017	Oppgradering av Indre Sula kyrkje			100'	300'
Total		500'	500'	500'	500'

Note 4.1.3**Årlege investeringstiltak – Eigedom. Rammeløyving mindre investeringar****Viser til:**

Viser til Langsiktig drifts- og investeringsstrategi

Samfunns mål:

Samfunns mål 1: Barn og ung i Sula skal ha gode oppvekstvilkår – alle barn og unge har godt utbytte av det ordinære barnehage- og skuletilbodet i kommune.

Samfunns mål 2: Sula har inkluderande og aldersvennlege lokalsamfunn – innbyggjarane får dei tenestene dei treng.

Finansiering:

Investeringsbeløpet er oppgitt inklusive mva. Mva refunderes og restbeløpet som utgjør 80% finansieres i form av låneopptak, eventuelt ved bruk av investeringsfond.

Årlige renter og avdrag blir belasta driftsbudsjettet som synleggjort i tabellen under.

Eigedom. Rammeløyve mindre investering	2026	2027	2028	2029	SUM
0.1. Investeringsbudsjett	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
0.8. Refusjon merverdiavgift	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000	-1 600 000
0.8. Finansiering ved bruk av lån	-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000	-1 600 000	-6 400 000
Sum	-	-	-	-	-
Rente- og avdragsutgift	33 920	171 920	303 472	436 176	945 488

Beskrivelse av tiltaket:

Vurdering av behov og forslag til prioritering vert lagt fram tidleg i 2026 med sikte på at tiltak skal kunne gjennomførast i løpet av budsjettåret.

I vurderinga vert det lagt vekt på tiltak som har god effekt på kvalitet i tenestene og økonomisk utslag på driftskostnadar.

Effekt:

God kvalitet på tenester til brukarar av tenester innan kultur/oppvekst og helse og meistring.

Oppretthalde eller auke levetid på bygg inkludert tekniske anlegg og slik positiv verknad på driftskostnadar.

Note 4.1.4					
Årlege investeringstiltak - Bilar					
Viser til:					
Viser til Langsiktig drifts- og investeringsstrategi					
Finansiering:					
Investeringsbeløpet er oppgitt inklusive mva. Mva refunderes ikke på kjøp av bilar.					
Finansieres i form av låneopptak.					
Årlige renter og avdrag blir belasta driftsbudsjettet som synleggjort i tabellen under.					
Bilar	2026	2027	2028	2029	SUM
0.1. Investeringsbudsjett	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Rente- og avdragsutgift	42 400	314 900	575 680	834 240	1 767 220
Spesifikasjon av budsjettert kjøp av bilar:					
"Faste" investeringer	2025	2026	2027	2028	SUM
Eigedom. Bil eigedomsavdeling	800 000	800 000	800 000	800 000	3 200 000
Helse. Bilar Heimetenesta	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	4 800 000
SUM	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Beskrivelse av tiltaket:					
I investeringsbudsjettet er det lagt inn årlege rammeløyvingar til investering for kjøp av bilar.					

Bilar er eit viktig verktøy og føresetnad for å kunne gjennomføre oppgåver både i dagleg drift, men også i ein beredskapssamanheng. I tillegg til å være i god stand er det viktig at bilane er funksjonelle og egna til dei enkelte oppgåvene som skal løysast.

For å sikre optimal bilbruk vurderingar på tvers i organisasjonen vert innkjøp styrt sentralt. Behovet varierer frå år til år, og det vert investert i det som er strengt tatt nødvendig for å drifte tenestene effektivt.

Effekt:

Daglege driftsoppgåver kan gjennomførast som planlagt på ein rasjonell måte.

Føreseieleg kostnader knytt til drift av bilpark.

Note 4.2.1

Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg

Viser til:

K-sak 98/25 (Orientering om oppfølging av budsjettvedtak 2025 - investeringsprosjektet Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg). I saka blei det vedtatt å sette av 6 mill i budsjett 2026 og 4 mill i 2027.

Samfunnsmål:

Samfunnsmål 1: Barn og ung i Sula skal ha gode oppvekstvilkår – alle barn og unge har godt utbytte av det ordinære barnehage- og skuletilbodet i kommune.

Finansiering:

Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	2026	2027	2028	2029	Sum
0.5. Investeringsbudsjett	6 000 000	4 000 000	0	0	10 000 000
0.8 Revusjon merverdiavgift	-1 200 000	-800 000	0	0	-2 000 000
0.8. Finansiering ved bruk av lån	-4 800 000	-3 200 000	0	0	-8 000 000
Sum	0	0	0	0	0
Rente- og avdragsutgift	101 760	365 120	488 408	481 088	1 436 376

Beskrivelse av tiltaket:

Vedtak i K-sak 98/25: «Planar for å komme i gang med arbeidet vedrørende trygg skuleveg i tilknytning til Langevåg skulle vært lagt fram snarast, innan utgangen av 2025. Dette med tanke på å starte arbeidet for trygg skuleveg frå skulane i Langevåg mot vest/Langevåg sentrum og mot Remane. Forslaget innber oppstart av reguleringsplan, tryggare skuleveg frå Langevåg Skule. Vegnemnda sitt arbeid kan brukast som bakgrunn. Finansiering: det settes av 6,0 mill. i 2026 og kr 4,0 mill i 2027. Total ramme på kr 10 mill. i henhold til tidlegare vedtak.»

Effekt:

Tryggare skuleveg vil føre til at fleire elevar kan gå eller sykle til og frå skule. Det er eit mål at flest mogleg skal kunne gå og sykle ut frå at det har ein positiv helseeffekt.

Note 4.2.2**Pålegg om utbedring av bruer****Viser til:**

Viser til Langsiktig drifts- og investeringsstrategi

Samfunnsmål:

